

Vedlegg til kongelig resolusjon 23. juni 2026 om fastsettelse av forskrifter om vern av 35 skogområder i fylkene Møre og Romsdal, Vestland, Agder, Telemark, Vestfold, Buskerud, Akershus, Innlandet og Trøndelag

Vedlegg 1

Forskrift om vern av Husbyfjellet naturreservat, Aure kommune, Møre og Romsdal

Fastsett ved kongeleg resolusjon 23. juni 2026 med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34, § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1 *Føremål*

Føremålet med forskrifta er å bevare eit område som

- a. representerer ein bestemt type natur i form av kystfuruskog og rik edellauvskog
- b. inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur som rik edellauvskog med alm og tilhøyrande artar av lav og sopp.

Det er eit mål å behalde verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2 *Geografisk avgrensing*

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Aure kommune: 89/2, 89/6 og 89/7.

Naturreservatet dekker eit totalareal på 947 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte vernekart datert Klima- og miljødepartementet juni 2026. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

§ 3 *Vernereglar*

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp inkludert lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrning. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., framføring av luftleidningar, jordkabler, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte tilførsar av forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmende.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e. Bålbrenning er forbode. Forbode gjeld ikkje bålbrenning med tørrkvist frå bakken eller medteken ved i samsvar med gjeldande lovverk.

§ 4 *Generelle unntak frå vernereglane*

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. sanking av bær og matsopp
- b. jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk
- c. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- d. beiting
- e. utsetting av saltstein
- f. oppsetting av midlertidige, mobile jakttårn for storviltjakt

- g. fjerning av mindre mengder kvist i samband med utøving av storviltjakt.

§ 5 *Regulering av ferdsel*

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Sykling, riding og bruk av hest er forbode utanom på eksisterande stiar.

§ 6 *Generelle unntak frå ferdselsreglane*

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingskøyring.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som blir nytta skal vereskånsamt mot markoverflata. Det skal sendast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring
- b. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget
- c. landing og start med Forsvaret sine luftfartøy.

§ 7 *Spesifiserte dispensasjonsreglar*

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- a. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne
- b. tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk
- c. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b
- d. uttak og ringbarking av utanlandske treslag og etablerte plantefelt av gran, samt spreiding frå desse
- e. merking og rydding av nye stiar
- f. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav d
- g. oppsetting og vedlikehald av gjerde
- h. øvingskøyring for føremål nemnt i § 6 første ledd
- i. naudsynt motorferdsel for aktivitetar etter § 4 bokstav e og § 7 bokstav b, d og g.

§ 8 *Generelle dispensasjonsreglar*

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9 *Skjøtsel*

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan sette i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- og kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldlova § 47.

§ 10 *Forvaltingsplan*

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 *Forvaltingsstyresmakt*

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal er forvaltingsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 12 *Ikraftsetting*

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Vedlegg

Vernekart Husbyfjellet naturreservat [PDF]

Vedlegg 2.

Forskrift om vern av Grøtsura naturreservat, Haram kommune, Møre og Romsdal

Fastsett ved kongeleg resolusjon 23. juni 2026 med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfoldloven) § 34, § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1 Føremål

Føremålet med forskrifta er å bevare eit område som representerer ein bestemt type natur i form av gammal oseanisk lauvblandingsskog og rikare hasselkratt med alm.

Det er eit mål å behalde verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2 Geografisk avgrensing

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Haram kommune: 393/1 og 393/2.

Naturreservatet dekker eit totalareal på 1224 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte vernekart datert Klima- og miljødepartementet juni 2026. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

§ 3 Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp medrekna lav eller deler av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødige forstyring. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller midlertidige innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrelegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utslepp av kloakk eller anna form for forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmende.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e. Bålbrenning er forbode. Forbodet gjeld ikkje bålbrenning med tørrkvist frå bakken eller medteken ved i samsvar med gjeldande lovverk.

§ 4 Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. sanking av bær og matsopp
- b. jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk
- c. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- d. vedlikehald av eksisterande stiar i samsvar med standard på vernetidspunktet
- e. beiting
- f. utsetting av saltstein
- g. oppsetting av midlertidige, mobile jaktårn for storviltjakt
- h. forsiktig rydding av småbuskar og kvist i sikteline ved faste jaktpostar i samband med storviltjakt
- i. drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg inntil verneområdet.

§ 5 Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.

- b. Sykling, riding og bruk av hest er forbode utanom på eksisterande stiar.

§ 6 *Generelle unntak frå ferdselsreglane*

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøyet skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal sendast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring
- b. naudsynt motorferdsel for uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget
- c. landing og start med Forsvaret sine luftfartøy.
- d. naudsynt motorferdsel i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande kraftleidning inntil verneområdet. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta.

§ 7 *Spesifiserte dispensasjonsreglar*

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- a. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne
- b. tiltak i samband med forvaltning av vilt
- c. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b
- d. oppsetting og vedlikehald av gjerde
- e. merking og rydding av nye stiar
- f. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav d
- g. naudsynt motorferdsel i samband med drift og vedlikehald av eksisterande kraftleidning inntil verneområdet
- h. naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 bokstav f og § 7 bokstav b og d.

§ 8 *Generelle dispensasjonsreglar*

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9 *Skjøtsel*

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan sette i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

§ 10 *Forvaltingsplan*

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 *Forvaltningsstyresmakt*

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal er forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 12 *Ikraftsetting*

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Vedlegg

Vernekart Grøtsura naturreservat [PDF]

Vedlegg 3.

Forskrift om vern av Mardalen naturreservat, Molde kommune, Møre og Romsdal

Fastsett ved kongeleg resolusjon 23. juni 2026 med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34, § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1 Føremål

Føremålet med forskrifta er å bevare eit område som

- a. representerer ein bestemte type natur i form av gammal oseanisk lauvblandingsskog med element av rikare hasselkratt
- b. inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur som rik edellauvskog med alm og tilhøyrande artar av lav og sopp.

Det er eit mål å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2 Geografisk avgrensing

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Molde kommune: 279/2, 279/3, 279/4, 279/5, 279/7, 279/9, 279/10, 279/11, 279/12, 279/34 og 279/37.

Naturreservatet dekker eit totalareal på 6389 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte vernekart datert Klima- og miljødepartementet juni 2026. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

§ 3 Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerna planter og sopp inkludert lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endra naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utslepp av kloakk eller andre konsentrerte tilførsler av forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmende.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e. Bålbrenning er forbode. Forbode gjeld ikkje bålbrenning med tørrkvist frå bakken eller medteken ved, i samsvar med gjeldande lovverk.

§ 4 Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. sanking av bær og matsopp
- b. jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk
- c. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- d. beiting
- e. utsetting av saltstein
- f. oppsetting av midlertidige, mobile jakttårn for storviltjakt
- g. fjerning av mindre mengder kvist i samband med utøving av storviltjakt
- h. vedlikehald av sti avmerkt på vedlagte vernekart i samsvar med standard på vernetidspunktet
- i. naudsynt rydding av vegetasjon i regulert elveleie ved akutt behov for tryggleikstiltak mot flaum. Det skal i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta.

§ 5 Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Sykling, riding og bruk av hest forbode utanom på eksisterande stiar.

§ 6 Generelle unntak frå ferdselsreglane

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingskøyning.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal sendast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før køyning skjer
- b. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med hest eller lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget
- c. landing og start med Forsvarets luftfartøy
- d. naudsynt motorferdsel i samband med rydding av vegetasjon i regulert elveleie ved akutt behov for tryggleikstiltak mot flaum, jf. § 4 bokstav i. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta.

§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- a. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne
- b. tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk
- c. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b
- d. ringbarking, hogst og uttak av gran, platanlønn og andre framande treslag
- e. merking og rydding av nye stiar
- f. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav d
- g. oppsetting og vedlikehald av gjerde
- h. gjenoppføring av anlegg som går tapt ved brann eller naturskade
- i. planmessig rydding av vegetasjon i regulert elveleie som sikringstiltak mot flaum
- j. etablering og drift av naudsynt måleutstyr i samband med vassdragsregulering
- k. øvingskøyning for formål nemnt i § 6 første ledd
- l. naudsynt motorferdsel for aktivitetar etter § 4 bokstav e og § 7 bokstav a, b, d, g, h, i og j.

§ 8 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9 Skjøtsel

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan sette i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- og kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

§ 10 Forvaltningsplan

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 Forvaltningsstyresmakt

Dovrefjell nasjonalparkstyre er forvaltingsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 12 *Ikraftsetting*

Denne forskrifta trer i kraft straks. Samtidig blir forskrift 12. desember 2014 nr. 1625 om vern av Mardalen naturreservat, Nettet kommune, Møre og Romsdal, oppheva.

Vedlegg

Vernekart Mardalen naturreservat [PDF]

Vedlegg 4.

Forskrift om vern av Båtneset naturreservat, Sula kommune, Møre og Romsdal

Fastsett ved kongeleg resolusjon 23. juni 2026 med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34, § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1 *Føremål*

Føremålet med forskrifta er å bevare eit område som

- a. representerer ein bestemt type natur i form av kalk- og lågurtfuruskog og rik edellauvskog i ulike utformingar
- b. inneheld trua, sjeldan og sårbar natur som kalk- og lågurtfuruskog, frisk rik edellauvskog, kalkedellauvskog og lågurtedellauvskog med alm og ask og tilhøyrande artar av karplanter, sopp og lav.

Det er eit mål å behalde verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2 *Geografisk avgrensing*

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Sula kommune: 71/1.

Naturreservatet dekker eit totalareal på 609 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte vernekart datert Klima- og miljødepartementet juni 2026. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

§ 3 *Vernereglar*

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp medrekna lav eller deler av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrning. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkabler, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form for forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmende.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e. Bålbrenning er forbode. Forbodet gjeld ikkje bålbrenning med tørrkvist frå bakken eller medteken ved, i samsvar med gjeldande lovverk.

§ 4 *Generelle unntak frå vernereglane*

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. sanking av bær og matsopp
- b. jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk
- c. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- d. vedlikehald av eksisterande stiar, traktorveg og skiløype i samsvar med standard på vernetidspunktet. Traktorveg og skiløype er avmerkt på vedlagte vernekart
- e. beiting
- f. utsetting av saltstein
- g. oppsetting av midlertidige, mobile jakttårn for storviltjakt
- h. forsiktig rydding av småbuskar og kvist i siktelinjer ved faste jaktpostar i samband med storviltjakt
- i. drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet

- j. oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnittet, når tiltaket ikkje skadar verneverdiane angitt i verneføremålet nemneverdig
- k. naudsynt fjerning av stein og trevirke frå Båtneselva avmerkt på vedlagte vernekart ved akutt fare for oppdemming og flaum. Stein og trevirke skal leggest igjen i verneområdet.

§ 5 Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Sykling, riding og bruk av hest er forbode utanom på eksisterande stiar.

§ 6 Generelle unntak frå ferdselsreglane

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulans-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltingsstyresmakta.

Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøyet skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal sendast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring
- b. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget
- c. landing og start med Forsvaret sine luftfartøy
- d. naudsynt motorferdsel i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltingsstyresmakta.

§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- a. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne
- b. tiltak i samband med forvaltning av vilt
- c. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b
- d. oppsetting og vedlikehald av gjerde
- e. merking og rydding av nye stiar
- f. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav d
- g. oppgradering og fornying av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4
- h. naudsynt motorferdsel i samband med drift og vedlikehald, samt oppgradering og fornying av eksisterande kraftleidning
- i. naudsynte tiltak i samband med trafikktryggleiken langs Fylkesveg 61
- j. naudsynt motorferdsel i samband med oppkøyring av skiløype avmerkt på vedlagte vernekart
- k. naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 bokstav d og f og § 7 bokstav b, d og i.

§ 8 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9 Skjøtsel

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan sette i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

§ 10 Forvaltingsplan

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av

skjøtsel.

§ 11 *Forvaltingsstyresmakt*

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal er forvaltingsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 12 *Ikraftsetting*

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Vedlegg

Vernekart Båtneset naturreservat [PDF]

Vedlegg 5.

Forskrift om vern av Dalan naturreservat, Surnadal kommune, Møre og Romsdal

Fastsett ved kongeleg resolusjon 23. juni 2026 med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34, § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1 *Føremål*

Føremålet med forskrifta er å bevare eit område som

- a. representerer ein bestemt type natur i form av kalk- og lågurtfuruskog, flomskogsmark og rik edellauvskog
- b. inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur som kalk- og lågurt-furuskog, frisk rik edellauvskog og høgstaudeedellauvskog med alm.

Det er eit mål å behalde verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2 *Geografisk avgrensing*

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Surnadal kommune: 63/1, 63/2, 63/4, 64/1 og 64/5.

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på 1704 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte vernekart datert Klima- og miljødepartementet juni 2026. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

§ 3 *Vernereglar*

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerna planter og sopp inkludert lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrning. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endra naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., framføring av luftleidningar, jordkabler, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte tilførsler av forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøplinger forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmende.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e. Bålbrenning er forbode. Forbode gjeld ikkje bålbrenning med tørrkvist frå bakken eller medteken ved i samsvar med gjeldande lovverk.

§ 4 *Generelle unntak frå vernereglane*

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. sanking av bær og matsopp
- b. jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk
- c. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- d. beiting
- e. utsetting av saltstein
- f. oppsetting av midlertidige, mobile jakttårn for storviltjakt
- g. fjerning av mindre mengder kvist i samband med utøving av storviltjakt
- h. vedlikehald av eksisterande stiar i samsvar med standard på vernetidspunktet
- i. vedlikehald av grøft avmerkt på vedlagte vernekart for uttak av vatn til hytte på gnr./bnr. 63/10, i samsvar med standard på vernetidspunktet

- j. naudsynt rydding av vegetasjon i regulert elveleie ved akutt behov for tryggleikstiltak mot flaum. Det skal i etterkant sendast melding til forvaltingsstyresmakta.

§ 5 *Regulering av ferdsel*

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Sykling, riding og bruk av hest er forbode utanom på eksisterande stiar.

§ 6 *Generelle unntak frå ferdselsreglane*

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingskøyring.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal sendast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før køyring skjer
- b. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget
- c. landing og start med Forsvarets luftfartøy
- d. naudsynt motorferdsel i samband med rydding av vegetasjon i regulert elveleie ved akutt behov for tryggleikstiltak mot flaum, jf. § 4 bokstav j. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltingsstyresmakta.

§ 7 *Spesifiserte dispensasjonsreglar*

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- a. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne
- b. tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk
- c. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b
- d. ringbarking, hogst og uttak av gran, platanlønn og andre framande treslag
- e. merking og rydding av nye stiar
- f. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav d
- g. oppsetting og vedlikehald av gjerde
- h. øvingskøyring for formål nemnt i § 6 første ledd
- i. planmessig rydding av vegetasjon i regulert elveleie som trykkleikstiltak mot flaum
- j. naudsynt motorferdsel for transport av varer og materialar til hytter på gnr./bnr. 63/4 og 63/10
- k. naudsynt motorferdsel for aktivitetar etter § 4 bokstav e, f og i og § 7 bokstav a, b, d, g.

§ 8 *Generelle dispensasjonsreglar*

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

§ 9 *Skjøtsel*

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan sette i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- og kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

§ 10 *Forvaltingsplan*

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærare retningsliner for forvaltning av

naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 *Forvaltingsstyresmakt*

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal er forvaltingsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 12 *Ikraftsetting*

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Vedlegg

Vernekart Dalan naturreservat [PDF]

Vedlegg 6.

Forskrift om vern av Hammarland naturreservat, Bjørnafjorden kommune, Vestland

Fastsett ved kongeleg resolusjon 23. juni 2026 med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34, § 37 og § 62 . Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1 Føremål

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område som

- a. representerer ein bestemt type natur i form av vestnorsk regnskog og rik edellauvskog som ein del av eit større samanhengande skoglandskap
- b. inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur som styva tre av ask og alm, og artar knytt til boreonemoral regnskog.

Det er eit mål å behalde verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2 Geografisk avgrensing

Naturreservatet omfattar ein del av gnr./bnr.: Bjørnafjorden kommune: 176/1.

Naturreservatet dekker eit totalareal på 504 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte vernekart datert Klima- og miljødepartementet juni 2026. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkt skal koordinatfestast.

§ 3 Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som er nemnde i verneføremålet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna døde buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne plantar og sopp medrekna lav, eller delar av desse frå naturreservatet. Planting og såing av tre og anna vegetasjon er forbode.
- b. Dyreliv, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrning. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje settast i gong tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l. opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførsler, lagring av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmande.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e. Bålbrenning er forbode. Forbodet gjeld ikkje bålbrenning med tørrkvist frå bakken eller medteken ved, i samsvar med gjeldande lovverk.

§ 4 Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. sanking av bær, nøtter og matsopp
- b. beiting
- c. utsetting av saltstein
- d. vedlikehald av eksisterande stiar avmerkt på vedlagte vernekart og andre anlegg og innretningar. Vedlikehald skal skje i samsvar med standard på vernetidspunktet
- e. jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk
- f. oppsetting av midlertidige, mobile jakttårn for storviltjakt
- g. forsiktig rydding av småbuskar og kvist i siktelinjer ved faste jaktpostar i samband med storviltjakt.

§ 5 Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne. I naturreservatet gjeld følgende reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Sykling, riding og bruk av hest er forbode utanom på eksisterande stiar avmerkt på vedlagte vernekart.

§ 6 *Generelle unntak frå reglane om ferdsel*

Ferdselreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulans-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er avgjort av forvaltingsmynde. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget
- b. landing og start med Forsvarets luftfartøy
- c. naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy skal vere skånsame mot markoverflata. Det skal sendast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring.

§ 7 *Spesifiserte dispensasjonsreglar*

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- a. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 bokstav d
- b. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne
- c. tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk
- d. oppsetting og vedlikehald av gjerde
- e. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med anna køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnd i § 6 andre ledd bokstav a
- f. uttak og ringbarking av utanlandske treslag og etablerte plantefelt av gran, samt spreining frå desse
- g. naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar nemnt i § 4 bokstav c og d og § 7 bokstav b, c og d og f.

§ 8 *Generelle dispensasjonsreglar*

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

§ 9 *Skjøtsel*

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta avgjer, kan gjennomføre tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

§ 10 *Forvaltingsplan*

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 *Forvaltingsstyresmakt*

Statsforvaltaren i Vestland er forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 12 *Ikraftsetting*

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Vedlegg

Vernekart Hammarland naturreservat [PDF]

Vedlegg 7.

Forskrift om vern av Oksåsen naturreservat, Flekkefjord kommune, Agder

Fastsatt ved kongelig resolusjon 23. juni 2026 med hjemmel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34, § 37 og § 62. Fremmet av Klima- og miljødepartementet.

§ 1 *Formål*

Formålet med forskriften er å bevare et område som

- a. representerer en bestemt type natur i form av rik edellauvskog og velutviklet furuskog med gammelskogstruktur og med innslag av storvokst eik og osp
- b. inneholder truet, sjelden eller sårbar natur som frisk rik edellauvskog i form av almlindeskog og lågurt-edellauvskog i form av lågurt-eikeskog
- c. har særskilt naturvitenskapelig verdi ved å ha forekomster av gamle styvingstrær og gamle hule trær.

Det er en målsetting å beholde verneverdiene i mest mulig urørt tilstand, og eventuelt videreutvikle dem.

§ 2 *Geografisk avgrensning*

Naturreservatet berører følgende gnr./bnr.: Flekkefjord kommune: 82/1, 82/7, 83/2, 83/4, 83/5, 83/7, 83/8, 83/9, 83/11 og 83/29.

Naturreservatet dekker et totalareal på 1907 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte vernekart datert Klima- og miljødepartementet juni 2026. De nøyaktige grensene for naturreservatet skal avmerkes i marka. Knekkpunktene skal koordinatfestes.

§ 3 *Vernebestemmelser*

I naturreservatet må ingen foreta seg noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet.

I naturreservatet gjelder følgende vernebestemmelser:

- a. Vegetasjonen, herunder døde busker og trær, er vernet mot skade og ødeleggelse. Det er forbudt å fjerne planter og sopp inkludert lav eller deler av disse fra reservatet. Planting eller såing av trær og annen vegetasjon er forbudt.
- b. Dyrelivet, herunder reirplasser og hiområder, er vernet mot skade, ødeleggelse og unødig forstyrrelse. Utsetting av dyr er forbudt.
- c. Det må ikke iverksettes tiltak som kan endre naturmiljøet, som f.eks. oppføring av bygninger, anlegg, gjerder, eller andre varige eller midlertidige innretninger, parkering av campingvogner, brakker e.l., framføring av luftledninger, jordkabler og kloakkledninger, bygging av veier, drenering og annen form for tørlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utslipp av kloakk eller annen form for forurensning, henleggelse av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske bekjempingsmidler. Forsøpling er forbudt. Oppstillingen av tiltak er ikke uttømmende.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangementer er forbudt.
- e. Bålbrenning er forbudt. Forbudet gjelder ikke bålbrenning med tørrkvist fra bakken eller medbragt ved, i samsvar med gjeldende lovverk.

§ 4 *Generelle unntak fra vernebestemmelsene*

Vernebestemmelsene i § 3 andre ledd er ikke til hinder for

- a. sanking av bær og matsopp
- b. jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldende lovverk
- c. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldende lovverk
- d. vedlikehold av eksisterende traktorvei og sti avmerket på vedlagte vernekart i henhold til standard på vernetidspunktet.
- e. merking av eksisterende sti avmerket på vedlagte vernekart
- f. beiting
- g. utsetting av saltstein
- h. oppsetting av midlertidige, mobile jakttårn for storviltjakt

- i. forsiktig rydding av småbusker og kvist i siktlinjer ved faste jaktposter i forbindelse med storviltjakt.

§ 5 *Regulering av ferdsel*

All ferdsel skal skje varsomt og ta hensyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminner.

I naturreservatet gjelder følgende bestemmelser om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel er forbudt, herunder landing og start med luftfartøy.
- b. Sykling, ridning og bruk av hest er forbudt utenom eksisterende traktorvei og sti avmerket på vedlagte vernekart.

§ 6 *Generelle unntak fra ferdselsbestemmelsene*

Ferdselsbestemmelsene i § 5 er ikke til hinder for gjennomføring av militær operativ virksomhet og tiltak i forbindelse med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsvirksomhet, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgaver som er bestemt av forvaltningsmyndigheten. Unntaket gjelder ikke øvingsvirksomhet.

Ferdselsbestemmelsene i § 5 andre ledd er ikke til hinder for

- a. nødvendig motorferdsel for uttransport av syke og skadde bufe. Kjøretøy som benyttes skal være skånsomt mot markoverflaten. Det skal gis melding til ansvarlig oppsyn for verneområdet i forkant av kjøring
- b. nødvendig uttransport av felt elg og hjort med lett beltekjøretøy som ikke setter varige spor i terrenget og med traktor og ATV på traktorvei avmerket på vedlagte vernekart
- c. landing og start med Forsvarets luftfartøy.

§ 7 *Spesifiserte dispensasjonsbestemmelser*

Forvaltningsmyndigheten kan etter søknad gi dispensasjon til

- a. istandsetting, vedlikehold og skjøtsel av kulturminner
- b. tiltak i forbindelse med forvaltning av vilt og fisk
- c. nødvendig uttransport av felt elg og hjort med andre kjøretøy enn lett beltekjøretøy som nevnt i § 6 andre ledd bokstav b
- d. oppsetting og vedlikehold av gjerder
- e. avgrenset bruk av naturreservatet for aktiviteter nevnt i § 3 andre ledd bokstav d
- f. uttak og ringbarking av utenlandske treslag og etablerte plantefelt av gran, samt spredning fra disse
- g. nødvendig motorferdsel i forbindelse med aktiviteter etter § 4 bokstav d, e, g og § 7 bokstav a, b, d og f.

§ 8 *Generelle dispensasjonsbestemmelser*

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra forskriften dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9 *Skjøtsel*

Forvaltningsmyndigheten, eller den forvaltningsmyndigheten bestemmer, kan iverksette tiltak for å opprettholde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er formålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

§ 10 *Forvaltningsplan*

Det kan utarbeides forvaltningsplan med nærmere retningslinjer for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan inneholde nærmere retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 *Forvaltningsmyndighet*

Statsforvalteren i Agder er forvaltningsmyndighet etter denne forskriften.

§ 12 *Ikrafttredelse*

Denne forskriften trer i kraft straks. Samtidig oppheves forskrift 7. desember 2018 nr. 1826 om vern av Oksåsen naturreservat, Flekkefjord kommune, Vest-Agder.

Vedlegg

Vernekart Oksåsen naturreservat [PDF]

Vedlegg 8.

Forskrift om vern av Dalehagen naturreservat, Froland kommune, Agder

Fastsatt ved kongelig resolusjon 23. juni 2026 med hjemmel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34, § 37 og § 62. Fremmet av Klima- og miljødepartementet.

§ 1 Formål

Formålet med forskriften er å bevare et område som

- a. representerer en bestemt type natur i form av rik edellauvskog
- b. inneholder truet, sjelden eller sårbar natur som lågurt-edellauvskog i form av lågurt-eikeskog og frisk rik edellauvskog i form av rasmarklindeskog.

Det er en målsetting å beholde verneverdiene i mest mulig urørt tilstand, og eventuelt videreutvikle dem.

§ 2 Geografisk avgrensning

Naturreservatet berører følgende gnr./bnr.: Froland kommune: 103/1 og 103/2.

Naturreservatet dekker et totalareal på 96 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte vernekart datert Klima- og miljødepartementet juni 2026. De nøyaktige grensene for naturreservatet skal avmerkes i marka. Knekkpunktene skal koordinatfestes.

§ 3 Vernebestemmelser

I naturreservatet må ingen foreta seg noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet.

I naturreservatet gjelder følgende vernebestemmelser:

- a. Vegetasjonen, herunder døde busker og trær, er vernet mot skade og ødeleggelse. Det er forbudt å fjerne planter og sopp inkludert lav eller deler av disse fra reservatet. Planting eller såing av trær og annen vegetasjon er forbudt.
- b. Dyrelivet, herunder reirplasser og hiområder, er vernet mot skade, ødeleggelse og unødig forstyrrelse. Utsetting av dyr er forbudt.
